

Truleg litt mindre fiskefangstar enn i fjor



Bergensaren Leif Magne Jordal fekk den største laksen i år, den vog 10,22 kilo.

Leiar i elveigarlaget Kåre Vetrhus tek no til å få ein oversikt over fangstane i elva i sesongen som slutta 15. september, men framleis manglar han 36 årsrapportar eller ein tredjedel av dei som skulle vore sendt inn.

Om stutt tid skal Vetrhus rapportera til fylkesmannens miljøvernavdeling og han ber om at dei som har gløymt å senda inn gjer det snarast sjølv om dei no ikkje vil få att depositumet.

Dei rapportane han så langt har fått viser at det er teke 246 kilo laks og 93 kilo aure, medan fjorårstala var 335 og 116. Han trur utifrå dette at det er teke litt mindre fisk i 2007 enn i 2006, men dei ikkje innsendte rapportane kan endra tala mykje.

Vetrhus opplyser at talet på selde fiskekort var omtrent det same i år som i fjor – det vil seie 130. Gjennomsnittsvekta på innrapportert laks er 2,62 kilo medan den er 1,03 kilo på aure. Det er rapportert 13 laksar over fem kilo og den største var 10.22 kilo. Den største auren vog fem kilo. Konklusjonen på desse tale er at størrelsen på fisken i elva aukar.

Vetrhus la fram tala under ettervalmøtet i Gamleskulen og møteleiar og sekretær i elveigarlaget Kristian Bringedal slog fast at Uskedalselva har fått eit godt omdømme dei siste åra.

Av positive tiltak i det siste er opparbeiding og merking av parkeringsplassar langs elva.

Av Ola Matti Mathisen